



Kommunane i Møre og Romsdal
Vaksenopplæringsentra i M&R

Tilsynssamling om introduksjonsordninga - Molde 19.06.2013

Vi viser til vår førebelse varsling om statleg tilsyn etter introduksjonslova hausten 2012, jf. kommunesamlinga i Molde 18.09.2012.

Fylkesmannen skal hausten 2013 gjennomføre minst to tilsyn med kommunane si praktisering av introduksjonslova. Tilsynet skal femne om introduksjonsprogrammet, som skal vere heilårig og på full tid.

I samband med det føreståande tilsynet, innbyr vi kommunane til ein gjennomgang av kva introduksjonslova krev på dette og andre aktuelle område. Målgruppe er rådmenn, politikarar, skolefagleg ansvarlege og leiarar av vaksenopplæringsentra i fylket, samt flyktingekonsulentar, programrådgivarar og NIR-ansvarlege i kommunane.

Seniorrådgivar Maryann Knutsen frå IMDi Midt-Norge vil vere med oss på samlinga, svare på spørsmål og informere om nytt frå direktoratet.

Samlinga blir halde på **Alexandra hotell i Molde onsdag 19. juni kl. 10.00 – 15.30.** Frammøte, registrering og kaffi frå kl. 09.30. Lunsj kl. 12.00. Det er inga kursavgift, men deltakarane må betale dagpakke til hotellet pålydande **430 kroner**. Dei som evt. treng overnatting frå kvelden før, må ordne med dette sjølv.

Bindande elektronisk påmelding til Fylkesmannen innan 1. juni 2013 – web.adr.:

www.fylkesmannen.no/mr - Kurs og konferansekalender (sjå nedst på sida).

Informasjon blir også lagt ut vår heimeside under «Vaksenopplæring». Det endelege programmet blir også lagt ut når det er klart.

Vel møtt!

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)
Utdanningsdirektør

Liv Marie Opstad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi: Maryann Knutsen, IMDi Midt-Norge, Postboks 2438 Sluppen, 7005 Trondheim